



### Fjellfjellet

I dalsida opp mot Fjellfjellet er det i snøfattede vintrar eit par fine, enkle fossar. Dei passar fint for dei første ledeforsøka på is. Fjellfjellet ligg ovafor Fjell som det har fått namnet sitt etter.

Tilkomst: Fjell ligg ca 25 km etter Tverrlandet langs Rv17. Parker på avkøyring på venstre side like ved skilt til "Fjell", 6,6 km etter Åselistraumbua.

**Da damene dro** .....1 ✂

Ca 200 m, 45-60°. Is og snø. Fossen er lengre enn han kan sjå ut til. Fin, moderat tur. Retur ut høgre og ned skogen. Hanne Bertnes Råheim & Anne Marit Thorseth Gjertsen 6/2-2009.

## Gildeskål

I Gildeskål er det mykje flott vinterklatring. Eit utval av det som er kjent er tatt med, både klassisk isklatring, miks og snørenner.



### Innervika i Gildeskål

(Kartblad 2029II). Innervika ligg ca 60 km frå Bodø. Frå du svinger av på Rv17 på Tverrlandet er det 42 km til Innervika. Parker på venstre side ved traktorvegen som går innover Innervikdalen.

Innervika har ei rekke større og mindre renner med is og snø, dei fleste av moderat karakter. Anmarsjen er kort og rennene er frå 200 til 350 m lange. Den klassiske renna her er Innervikrenna. Den er enkel, trang og fin. Vinteren 2009 er det gått 3 nye renner på venstre side av hovedrenna. Retur er enklast ned fjellryggen til høgre (aust) for Innervikdalen. Ikkje gå ned for tidleg, då blir det bratt!

**1. Festmiks**..... 3-4 ✂

Ca 280 m, 5 tl. Dei to første taulengdene er felles med nr 2. Gå så ut venstre på isdekt sva, klatre rett opp bratt isvegg (ca 25 m 80-85 grader is), følg rampe ut venstre. Der isen stoppa måtte førstebestigarane klatre 3-4 m miks (ca frigrad 3) før ein kom opp i laus renne. NB! Dersom ein tek stand på toppen av den bratte isen må ein ha 60 m tau for å kome iland. Sveinung

Bertnes Råheim og Simon Svendsen 31.1.2009

**2. Tre optimister og fem isøks** ..... ca 3 ✂

Ca 250 - 300 m. 5 tl. Ved inngangen til Innervikrenna er det ein markert isvegg på venstre side. Dette er starten på denne renna. Etter ca 130 m svinger ho svakt mot høgre. Gå ut høgre før siste isopptak i toppen. Fin, ganske moderat tur. Ta med både is- og fjellsikringsutstyr. Torgeir Kjus, Remi Bendiksen & Ole Vidar Andreassen 28.1.2009

**3. Innervikrenna** ..... 1 ✂

Ca 350 m 30-40° snø. Dette er hovedrenna i Innervikdalen. Artig, lett tur opp trong snørenne som gradvis bratnar til mot slutten. Muleg å sikre i fjell på sidene om forholda skulle krevje det. Bør ha stegjern og isøks. Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen mars 1995.

**4. Innervikpresidenten**..... 3 ✂

350 m, 30 - 80°. Snø og to taulengder is. Mest snø, parti med is i øvre halvdel. Stein Haugen & Torgeir Kjus 21. jan 2009



### Kjelling

Bygda Kjelling ligg ca 62 km frå Bodø, ca 45 km etter avkøyning til Rv 17 på Tverrlandet. Det er skilta til venstre til Kjelling og Evjen nokre hundre meter etter Kjellingstraumbua (ca 2 km etter Innervika). I lisida bak Kjelling er det fleire stort sett moderate fossar. Kun den mest markerte er med her.

i Merradalen og ligg midt i syninga når ein køyrer over Kjellingstraumbua. Sving inn mot Kjelling og parker etter ca 600 m. Enklaste anmarsj er sannsynlegvis over eit jorde og deretter langs skogsveg som går langs lifoten. Sjølve fossen er stort sett veldig enkel med eit par litt brattare opptak. Fossen bør ikkje klatrast etter perioder med mykje snø, då vil det sannsynlegvis vere mest snøbakke med litt is innimellom. Flott tur med stadig betre utsikt. Retur er enkelt ut høgje eit par hundre meter, så ned skaret på lågaste punkt. Torgeir Kjus & Fritz I. Gulbrandsen 2004.

### Fritz Ivan den grusomme ..... 1



ca 290 m, 30-70°.

Ikkje la deg lure av førsteinstrykket, dette er moderate greier! Storeslem ligg innst



Bjarne Hunstad "klatrer" 2. taulengde på Fritz Ivan den grusomme. Foto Sveinung Bertnes Råheim



### Evjen

Evjen er eit lite eldorado. Stort sett moderat vanskeleg til vanskeleg isklattring. Forholdsvis korte anmarsjar og returar gjer området svært interessant.

**Tilkomst:** Området ligg ca 67 km frå Bodø. Følg Rv 17 45 km etter avkøyning på Tverrlandet. Ta av til venstre etter Kjellingstraumbua mot Evjen / Kjelling. Køyr vegen nesten til endes, ca 5,8 km. Parker rett før fyllinga til Evjen. Fossane ligg inn til høgje. Det er meire is enn det som er vist på bildet. NB! Evjen ligg i Beiarn!!

### 1. Jøsupsveva - prosjekt .....

Langt ut venstre for bildet, i venstre kant av Reinflogan. Moderat.

### 2. prosjekt.....

Til venstre for bildet. Renneformasjon.

### 3. Vaåga.....

Over sva, så bratt toppdel

### 4. prosjekt.....

Felles start med nr 5. Ut venstre i toppen

### 5. Gjestfrifossen ..... 2-3

ca 400 m snø og is, 50-75°. Tredelt foss. Først ca 50 m enkel is før snøfelt. Så ca 3 taulengder med is, før ei snørenne fører til topps. Fin variasjon i toppen er 40 m med ca grad 3 is ut venstre. Felles start med nr 4. Simon Svendsen & Sveinung Bertnes Råheim 1.3.2009.

### 6.Slettliflågafossen - prosjekt.....

Bratt, moderne isklattring.

### 7. prosjekt.....

Delvis utfor bildet. Forholdsvis bratt rett opp veggen

### 8. prosjekt.....

Til høgje for bildet. Opp renneformasjon i høgje kant av berget.





### Småtindane

Småtindane er den lett synlege, kvasse tinderekka sør for Bodø. Dei seinare år har Småtindane vorte eit paradys for bratt skikøyring. Fleire av rennene på nordsida er etterkvart køyrt på ski. Småtindane har og mykje interessant vinterklatring. Ein del av rennene er for smale / bratte til å køyre på ski. Fleire av toppane vil og krevje klatring og nokre av dei har ikkje hatt besøk vinterstid. Heile traversen er forsøkt, men aldri fullført på vinteren. For klatring generelt i Småtindane er det Fjellfører for Bodø (1996) som gjeld.

#### 1. Sfinxen vinter.....?

Parker like etter Asgottsletta ved utløpet av elva Tindåga. Følg Tindåga til myrdraga i Sördalen 476 moh. Du er då i utløpet av Sördalen og ser "Sfinxen" som ein einsleg monolitt inne i dalgryta. Rund "Sfinxen" på høgre side og ta sikte på skaret mellom denne og toppen bakom (p 1225). Klyv opp til foten av vestveggen på p1225. Traverser 100 m på bratt snø til skaret og følgj sorausteggen til topps. **Retur** same veg. Kjell Eugen Andersen & Torgeir Kjus feb 1988.

#### 2. Y-renna .....

Bratt skirenne

#### 3. Midtre renne.....

Bratt skirenne. Renna er sannsynlegvis gått opp første gong av Erik Vike, Sture Enevoldsen & Bjørn P. Arntzen feb 1988.

#### 4. 2. store .....

Vinterbestigning frå søraust (Breivikdalen). Bjørn Petter Arntzen & Torgeir Kjus 1989

#### 5. 1.nål via Småtindrenna miks 3

Småtindrenna er ei skirenne, 30 - 40° bratt. Oppe i skaret byr 1. nål på ca 1 taulengde moderat miksklatring. **Retur:** Rappell ned i skaret. Bjørn Petter Arntzen & Roar Eikeland 1988.

#### 6. Festbrems ..... 1

Opp enkel renne på Stortind. Brattast i starten. Sigurd Gjertsen & Anne Marit Thorset Gjertsen 20.1.2007

#### 7. Vestveggen på Stortind .....?

Vinterrute opp vestsida av Stortind. Ingen detaljer er kjent. Jan Christian Andersen & Jørn Hansen 1981.

### Sandhornøya

Sandhornøya har ein del flotte fjell og fleire fossar. Vi kjenner ikkje til om nokon av

desse er klatra, dei ligg og venter. Sandhornet er ein kurrant topptur frå sør, medan nordeggen og nordveggen har potensiale for tildels lange og krevande vinterruter.

#### Sandhornet nordegg..... miks 4

ca 9 tl. Skisse til høgre. Klatringa opp nordeggen gjev luftige hjørner, tronge passasjer, korte parti med is, diedre og mykje corn-ice. Flott og eksponert rute med brukbare sikringsmulegheiter. Ruta krev litt isskruer, eit par snøanker / snøbolter, lett fjellsikringsutstyr og 4-5 lange slynger.


**Tilkomst:** Køyr vel 60 km frå Bodø langs kystriksvegen (RV17). Ta av til Sandhornøya og følgj skilting til Mårnes. Etter Mårnes, køyr i retning Horsdal i ca 2 km, ta av til venstre til skytebane, parker etter ca 2 km. Gå mot foten av Sandhornet. Skrå mot høgre opp mot nordryggen, sikt på to tydlege hamrar midt på ryggen. Kryss over slakke sva under første hammar, rund andre hammar på oversida. Ruta følgjer eggen stort sett slavisk, men byrjar litt til venstre ved eit snøfelt som går naturleg over i brattare terreng ved ein kort kamin. **Retur:** Ned austsida av fjellet, eventuelt ned sørsida via "normalvegen". Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen 1.4.1995


### Horsdal

Horsdal ligg heilt sør på Sandhornøya der vegen endar. I vestveggen på Sandhornet går det her fleire fine renner. Den sørlegaste er klatra. Nokre av dei andre rennene der startar med bratt isklating i ca 1 taulengde.

#### Sørlegaste renne på Horsdal.....

Ca 500 m, 40° snø. Denne renna er den sørlegaste renna i vestsida av Sandhornet. Renna er markert og byrjar rett bak husa på Horsdal, ho toppar ut på sør-ryggen på Sandhornet. **Tilkomst:** Køyr heilt Horsdal, det er heilt i enden av vegen sør på Sandhornøya. Første gong Torgeir Kjus & Kjell Eugen Andersen 2005.





## Breidvika

(Kart; 2028 IV)

Tilkomst: Kjør fra Bodø til Hopen RV 80 ca 19 km, ta av mot Saltstraumen og følg RV 17 (Kystriksveien) ca 60 km til Breidvika. En liten vik umiddelbart etter Beiertindane (Småtindane). Parker på naturlig avkjørsel på venstre side av vei. Følg en traktorvei innover dalen 2-300 meter før du bryter av til venstre opp mot fossen som ligger på din høyre side.

### Breidvikafossen..... 3

300 m/65-75°

Kjell Eugen Andersen, Jan Christian Andersen & Torgeir Kjus feb-88

En lang og variert foss med innslag av noe snøvassing. Klatringen begynner i venstre del opp småle ispartier, før en snørampe bringer deg opp til det store, tydelige ispartiet. Dette partiet byr på jevn bratt og feit is ca 70°. De siste 70 meterne gir muligheter for sikring i fjell da isen følger en diederformasjon. Utstegstaulengden kan være skummel med lite is dekket av snø. Sikringsmulighetene kan utebli og snøforhol-

dene bør være optimale. For å sikre utsteget bør man lage en god standplass så høyt opp før utsteget som mulig.

**Retur** ned den markerte snørenna et stykke til høyre for fossen evt fortsette over toppen og ned i neste dal til RV 17.

## Oterstranda


(Kart; 1928 I)

Fleire fossar av ulik lengde og grad. Generelt er fossaen 60-120 m lange og 60-80° bratte. Det er 10-20 vassig og fossar samla i denne gryta. Dei fleste er uklatra.

**Tilkomst:** Køyr frå Bodø til Tverlandet (RV80). Etter 19 km, ta av mot Saltstraumen/Ørnes (RV17) og følgj denne i 75 km til Oterstranda (ca 10 km etter avkjøring til Inndyr). Parker på venstre side på naturlig avkjøring. Følgj veg inn mot nedlagt molybdengruve i ca 1 km. Deretter er det berre å velgje linje.

## Novika

Tilkomst: Som for Oterstranda (sjå over). Ved Oterstranda, køyr vidare til avkjøring vestover (høgre) mot Novika / Forstranda. Breistjerna og etterkvart Smørstampen dukkar opp på høgre hand etter ein kort tunnel (ca 95 km frå Bodø).



Området er militært, smil pent til kame-raet ved utgangen av tunnelen.

Sjølve Smørstampen er klatra sommarstid, byr på laus og klatring (var t.d. vanskeleg å finne rappellfeste på toppen.....)

### Smørkniven (Nåla), .....ca 2

2/3-96, Eskil Sørvik & Knut Aspheim  
Mix: Snørenne 60-80° + 15 m klippe og 10 m egg ut på nåla. (ca 2 timer frå vegen til enden av snørenna og 1 time til topps på Smørkniven. Krev isøks, stegjern og eit lite utval kiler og friends. Renna til venstre for Smørkniven krev ikkje klippeutstyr.

### Høgnakkfossen .....?

På andre sida av dalen (sør), mot Høgnakken er ein av dei mest fantastiske (tilsynelatande) fossane i Bodø-området. Langt frittfall! Ikkje klatra. Sjå bilde under. Retur sannsynlegvis via renna til høgre / vest.



Restene av fossen ned frå Høgnakken våren 2007. Sannsynlegvis bratt, spennande klatring. Foto Sveinung Råheim